



Vang kommune

Etat for oppvekst kultur og integrering

Harald Bøe
Tyinvegen 4972
2975 VANG I VALDRES

Dykkar ref.:

Vår ref.:

STOTOM -17/196 -7

Arkiv:

C10

Vår dato:

26.09.2019

Referat frå møte med Vang ungdomsråd 26.09.19 Kommunehuset i Vang

Tilstade: 6 representantar frå ungdomsrådet, ansvarleg Harald Bøe og etatsjef Tommy-René Stordal. Ordførar Vidar Eltun og rådmann Erlend Haaverstad var med på første del av møtet.

Møtet starta med ein enkel lunsj og presentasjonsrunde, deretter dialog med ordførar og rådmann.

Sak 1: Ungdomsklubb

Ynskje om at ungdomsklubben skal starte opp rett etter skulestart og vare heilt fram til skuleslutt. Annan kvar veke som frekvens. Ungdomsrådet tek ansvar for å arrangere fleire temakveldar, som t.d. «Halloween». I tillegg ynskjer ungdomsrådet å ta initiativet til organiserte aktivitetar. Ungdomsrådet tek tak i dette i nærmare dialog med klubbleiar Olav Bøland.

Sak 2: Økonomi

Tommy må sjå på økonomi til auka aktivitet då klubbleiar må få auka stillinga si. Dette må innarbeidast i budsjett for 2020. Ungdomsrådet har 30.000,- på kulturbudsjetten til fri disposisjon.

Sak 3: Medverknad i høve til politiske møter

Ungdomsrådet har moglegheit til å møte i politiske organ, og må få tilsendt sakliste med alle sakspapir i forkant av alle møta. Det er ynskjeleg at konsulenten på rådmannskontoret sender ut dette til Harald Bøe samstundes som til politikarane. Ungdomsrådet må få eigen plass på: <https://www.vang.kommune.no/undermeny/politikk-ordforar/moteplan/>

Harald Bøe sender referat frå møte i ungdomsrådet til konsulenten, som så publiserer det på kommunen si heimeside. Rådmannen tek dialogen vidare med konsulent i høve til å løyse dette reint praktisk.

Sak 4: Internett på bomberommet VBU

Det må leggast til rette for internett på bomberommet. Tommy ber teknisk etat v/vaktmeistertenesta å prosjektere dette og sjå på moglegheita.

Sak 5: Val av representantar til Vang ungdomsråd

Det har vore ei utfordring å få elevar til å melde seg til teneste. Kva skal til for å gjera det meir attraktivt? Kan det vera på grunn av at ein ikkje vil vera kioskvakt? Kan ein belønning/påskjønning vera aktuelt? T.d. forslag om gratis offentleg bading og gratis kino. Skikkeleg avslutning for ungdomsrådet, som t.d. ete eit måltid i lag m.m? Sak til vidare drøfting i ungdomsrådet.

Sak 6: Rutine for handtering av pengar - Ungdomsklubben i Vang

1. I kiosken skal det stå 2 elevar frå ungdomsrådet til ein kvar tid, som har ansvar for kiosk, sal og kasseapparat.
2. Kasseapparatet skal til ein kvar tid vera forsvarleg innelåst og oppbevart all den tid det ikkje er klubb.
3. Kassa skal alltid teljast opp rett etter klubbkvelden. Minst éin i frå ungdomsrådet skal telle opp kassa saman med ansvarleg vaksen og registrere beløpet på oppgjørsarket.
4. I kassa skal det alltid vera 500 kroner i vekslepengar. Overskytande beløp skal settast i banken merka med følgjande tekst: «Funksjon 231, ansvar 205». Kvittering frå innsatt beløp skal stiftast på oppgjørsarket og leverast til kommunekassa. Ansvarleg for ungdomsklubben skal som rutine gjera dette påfølgande arbeidsdag etter gjennomført klubbkveld.
5. Alt sal i frå kiosken og alle inngangspengar skal registrerast i kassaapparatet.

Ansvarleg vaksen for ungdomsklubben har ansvar for at desse rutinane vert følgd opp og etterlevd.

Rutinane er vedteke av etatsjef 28.03.19

Oppsummering: Fint møte med flotte og engasjerte ungdomar. Etatsjefen ser fram til eit godt og konstruktivt samarbeid, og ynskjer alle representantane lukke til!

Med helsing

Tommy-René Stordal
Etatsjef oppvekst, kultur og integrering
Dir. tlf.: 61369420
E-post: tommy-rene.stordal@vang.kommune.no

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.

Kopi til:

Erlend Haaverstad	RYFOSS
Monica Søndrol	2975 VANG I VALDRES
Oddbjørn Skeie	
Olav Bøland	Tyinvegen 4989 2975 VANG I VALDRES

Kopi til:

Ove Martin Stende
Tor Nordaas
Vidar Eltun